

## Høringsuttalelse om forskrift om tilskudd til inkludering av barn og unge

### Fra: Bømlo kommune

|   |   |
|---|---|
| ID  | 26  |
| Starttidspunkt                              | 5/9/2021 6:51:10 PM   |
| Fullføringstidspunkt                        | 5/9/2021 7:30:41 PM   |
| Navn på virksomhet                          | Bømlo kommune   |
| Organisasjonsnummeret til deres virksomhet  | 834210622   |
| Kontaktperson i virksomhet                  | Lene Borgen Waage   |
| Epostadresse til kontaktperson i virksomhet | lene.borgen.waage@bomlo.kommune.no  |
| §1-1 Mål                                    |   |
| §1-2 Målgruppe                              |   |
| §1-3 Kriterier for måloppnåelse             |   |
| §1-4 Hvem kan søke                          |   |
| §1-4 Hvem kan søke2                         |   |
| §1-5 Definisjoner                           |   |
| §2-1 Krav til deltakende kommune            |   |
| §2-2 Knutepunktfunksjon                     | <p>Per no er knutepunktfunksjonen i liten grad definert. Som de skriv i høyringsbrevet er det problematisk å leggja for detaljerte føringar for arbeidet. Me foreslår i staden at det blir lagt til rette for eksempeldeling som del av rapporteringa. Då kan eksempel frå kommuna gjerast tilgjengeleg på kommunens nettsider, men også på ein felles nettstad - gjerne for å vise korleis ein har lukkast i å oppfylle kriteria for måloppnåing. Til dømes kunne det ha vore ein pott med pengar for videoproduksjon eller andre formidlingsformar som kunne gjerast søkbare for søkerane.</p> <p>Ei viktig utfordring for å nå ut til målgruppa er rekrutteringsfasen for tiltaka. For å sikra at eit tiltak ikkje blir stigmatiserande må ein gjerne lyse ut for alle og heller sikra prioritering av nokre grupper i samband med opptak. Frivillige lag og organisasjonar kan ikkje få tilgang til informasjon frå t.d. NAV, barnevern eller SFO om kva ungar som bør prioriterast. Det bør derfor leggjast til rette for eit samarbeid mellom kommune og tilskotsmottakar for utvelging av deltakarar. Tilskotsmottakar vil dermed ikkje veta kvifor x og y har fått plass (her kan det vera mange omsyn som ligg til grunn), men berre få endeleg liste over deltakarar. På samme måte som over treng ikkje dette vera obligatorisk,</p> |

|   |   |
|---|---|
|   | men det bør lagast ei rettleiing/eksempelsamling for korleis kommunane har løyst ulike problemstillingar som t.d. utvelging av deltakarar, informasjon om tilskotsordninga. rekrutteringstiltak for å få søkjarar og samansetning av knutepunktsfunksjonen.   |
| §2-3 Rangering av søknader                                      |   |
| §2-4 Lokal kunngjøring  | Sjå punkt om knutepunktsfunksjon. Dersom det blir laga ein eksempebank vil denne kunne bli brukt som del av kunngjering, informasjon og rettleiing.   |
| §2-5 Kontaktperson i kommunen                                   | Det er bra at kontaktperson er skilt ut som eige krav.  |
| §2-6 Vedtak   | Det er svært viktig at sakshandsamingstida blir forkorta for desse tilskota. Per i dag går det fem månader før søknaden er sendt inn til ein får svar og ein får svar fem månader inn i tilskotsåret. Dette gjer at ein enten må opparbeide seg buffarar eller avvente kunngjering om tiltaka ein søker om.   |
| §3-1 Søknadsfrist og krav til søknaden                          | Det er bra at ferieklubbar og utstysordningar blir skilt ut. For frivillige lag og organisasjonar bør søknadsskjema vera enklare enn i dag.   |
| §3-2 Hva det kan søkes til                                      | I mange distriktskommunar er transport ei viktig utfordring for deltaking. Dette bør enten inn som eit målekriterium eller som noko ein kan søkja om.<br>Samarbeid mellom lag og organisasjonar og mellom lag og organisasjonar og kommune er viktig for å lukkast. Dette bør også framgå som noko ein kan søkja om - både mtp modellar, men også for konkrete tiltak.                            |
| §3-3 Tiltak som ikke kan dekkes av tilskuddsmidler              | Det er behov for ein definisjon av medlemsavgifter og grensesnittet til inngangsbillett osv. Dersom ein får dekket etablering av ein møteplass kan ein unngå medlemsavgifter, men dermed blir dette ein indirekte dekking av det som elles ville ha vore medlemsavgifter.   |
| §3-4 Vurderingskriterier, prioriteringer og fordeling av midler | Det er viktig at det blir lagt til grunn eit godt sett med kriterium for omfang av utanforskap. Del eller mengd innbyggjarar med lavinntekt er berre ein del av utfordringa her. Viser her t.d. til transportutfordringa som er nevnt over. I kommunar med mange familiar med mange barn, einslege forsørgjarar eller der ein føresett har turnus-/reisejobb blir transportutfordringa forsterka. |
| §3-5 Bruk av tilskuddet   | Gitt at tilskotsåret varar frå 1.1.-31.12 må svar på søknad liggja føre langt tidlegare enn i dag.  |

|  |   |
|--|---|
| §3-6 Opplysning om vedtak                |   |
| §4-1 Rapportering og regnskap            | Som tidlegare nemnt bør det leggjast til rette for større grad av eksempeldeling og rapportering av effekt av tiltak og mindre grad av fokus på den økonomiske delen av rapporteringa. Helst bør det lagast ein søkbar pott for bruk av ulike formar for rapport, som kan gi gode døme for andre søkjarar. Slik vil ein både få fram kva tiltak som er gjennomført, effektar og korleis ein kan laga gode søknadar. |
| §4-2 Kontroll                            |   |
| §4-3 Sanksjoner ved brudd på regelverket |   |
| §4-4 Tilbakebetaling av midler           |   |
| §4-5 Klageadgang                         |   |
| §5-1 Ikrafttredelse                      |   |
| §5-2 Overgangsregler                     |   |
| Eventuelle andre kommentarer             |   |